



STORD NÆRINGSRÅD
c/o Kunnskapshuset Sæ 132
5417 STORD

Saksbehandlar, innvalstelefon

Heidrun Sørfonden Bye, 5557 2058

Løyve til å halde søndags- og helligdagsøpe 8.juni og 9.juni 2025 – Handballfestivalen – Leirvik sentrum og omegn - Stord kommune

Vi viser til søknad frå Stord Næringsråd, datert 02.04.2025, om løyve til å halde øpe i Leirvik sentrum og omegn søndag 8. og måndag 9. juni 2025.

Vedtak

Statsforvaltaren gir dispensasjon frå lov om helligdagar og helligdagsfred § 5 første ledd, jf. § 5 sjuande ledd. Dispensasjonen gjeld søndag 8. juni kl. 11-15 og måndag 9. juni 2025 kl. 09-16.

Bakgrunn for saka

I søknad av 02.04.2025 søker Stord Næringsråd om å få halde søndagsøpe i pinsehelga, søndag 8. juni og måndag 9. juni 2025, i samband med det årlege arrangementet Handballfestivalen, samt i samband med anløp av cruiseskip i Leirvik måndag 9. juni. Det er søkt om opningstid mellom kl. 11-15 på søndag 8. juni, og mellom 9-16 måndag 9. juni.

Det er vist til at

«I sommarsesongen frå mai til september 2025 er det planlagt fleire cruiseanløp i Leirvik. I løpet av denne perioden vil tusenvis av cruiseturistar besøke byen, fordelt på fleire einskilddager. Ein av dei viktigaste dagane blir måndag 9. juni 2025, 2. pinsedag, når både eit cruiseskip legg til kai i Leirvik og den årlege Handballfestivalen på Stord trekker hundrevis av deltakarar, familiar og tilskodarar til området.

(...)

Med så mange nye besøkande i sentrum kan dette skape vesentleg lokal verdiskaping for handelsnæringa. Leirvik består av fleire unike nisjebutikkar og spesialforretningar som vil vere av stor interesse for cruiseturistane, samt for deltakarane og tilreisande til Handballfestivalen.



Søknaden vart sendt på høyring til Handel og Kontor i Norge Region Vest for uttale 11.04.2025. I fråsegn frå Handel og Kontor 23.04.2025 går det fram at det generelt gjeld ein restriktiv praksis for å kunne gje dispensasjon frå lov om helligdagar og helligdagsfred. Dei viser til at omsynet til arbeidstakarane er bakgrunnen for Handel og Kontor sitt prinsipielle standpunkt om at søndag skal vere ei annleis dag, og at det ikkje skal heldast ope på søndagar og heilagdagdar.

Dei meiner vidare at grunngjevinga for å søkje om søndagsope under cruiseanløp ikkje er noko særskilt for Stord. Dei stiller seg også kritisk til vedtaket frå departementet 01.09.2022, og uttrykker at

«Handel og Kontor mener det er vanskelig å vektlegge dette cruiseanløp som saklig grunn for å gi dispensasjon fra helligdagsfredsloven. En dispensasjon i dette konkrete tilfelle vil kunne gi ringvirkninger, og skape en presedens som vil kunne føre til at hver en by/tettsted langs hele kysten kan hevde akkurat det samme.»

Handel og Kontor meiner likevel at Handballfestivalen er noko særskilt som skjer i Leirvik berre den helga:

«Derimot når det gjelder håndballfestivalen som går av stabelen den 6. – 9. juni, så er dette et stort og særegent arrangement som på mange måter kan likestilles med stor fotballcup for barn og unge. Dette arrangement tiltrekker seg 4 - 500 lag fra både inn og utland. Handel og kontor mener dette arrangementet kan gi grunnlag for å kunne gi dispensasjon fra helligdagsfredsloven.»

Regelverk

Lov om helligdagar og helligdagsfred § 5, jf. § 2, har føresegner om opningstider for sal frå faste utsalsstader. Utsalsstader skal ifølgje § 5 første ledd, jf. § 2 bokstav a, halde stengt på helligdagar og søndagar.

Etter lov om helligdagar og helligdagsfred § 5 sjuande ledd kan Statsforvaltaren gjere unntak frå desse reglane når det ligg føre «særlege grunner». I Ot.prp. nr. 11 (2002-2003) side 10, heiter det mellom anna at:

«Formuleringa særlege grunner vil kunne omfatte ulike forhold, som også kan variere frå distrikt til distrikt. Større hendingar, som idrettsmeisterskap, jubileum, stemne, marknader og liknande, og som vedkjem heile eller store delar av ein kommune eller eit distrikt, vil kunne danne grunnlag for dispensasjon. Det same gjeld periodisk tilbakevendande hendingar, som anløp av turistskip og årlege fiskeri, og som har stor næringsmessig betydning for ein kommune eller eit distrikt. Det kan også givast dispensasjon for mindre arrangement som "handelens dag", eller markering av ei spesiell hending for ein utsalsstad, som for eksempel 5-, 10- og 25-årsjubileum eller liknande. Slike arrangement bør likevel ikkje tillatast på søn og helgedagar....I vurderinga av om det skal givast dispensasjon må det gjerast ei heilskapsvurdering, der alle aktuelle interesser blir trekte inn også omsyn til arbeidstakarane ved utsalsstadene.»

Departementet har i samband med handsaming av tidlegare klagesaker, lagt til grunn at løyve til søndagsopne butikkar berre kan gjevast når det ligg føre «særlege grunner» og det er gjensidig forståing mellom arbeidsgjevarar og tilsette om søndagsopne butikkar. I tidlegare klagesaker har departementet også uttalt at det mellom anna skal leggst vekt på om ei sak er teken opp med arbeidstakarorganisasjon.

Statsforvaltaren si vurdering



Utgangspunktet er at det skal først ein restriktiv praksis med omsyn til å gje løyve til at butikkar får halde ope på søndagar og helligdagar. Statsforvaltaren kan berre gjere unntak frå regelen når det ligg føre «*særlige grunner*», jf. lov om helligdagar og helligdagsfred § 5 sjuande ledd.

Etter vårt syn må Handballfestivalen karakteriserast som ei slik større hending som vedkjem både bygda, kommunen og omkringliggjande distrikt. Det kjem mange tilreisande til Stord og Leirvik i samband med arrangementet, og vi meiner difor at det kan gjevast dispensasjon frå lov om helligdagar og helligdagsfred § 5 første ledd slik det er søkt om, jf. § 5 sjuande ledd.

I vurderinga har vi lagt vekt på at Handel og Kontor ikkje har innvendingar til at søknaden og argumentasjonen knytt til Handballfestivalen vert innvilga, og på tidlegare praksis for å gje løyve til søndagsopne butikkar i samband med liknande arrangementet.

Vi har merka oss at de viser til departementets vedtak i sak om dispensasjon om opningstid i Måløy i 2022, på søndagar kor det var cruiseanløp i Måløy. Departementet vurderte at det var godtgjort at det låg føre særlege grunnar i den saka, jf. heilagdagsfredlova § 5 sjuande ledd.

Statsforvaltaren kan ikkje sjå at saka som gjeld Måløy er overførbar til denne saka. I den aktuelle saka frå Måløy la departementet vekt på at det var tale om ein liten by med berre 3200 fastbuande kombinert med mange cruiseanløp. Leirvik har over 14 000 fastbuande¹, og etter kva vi kan sjå er det berre venta tre cruiseanløp sesongen 2025² med betydeleg færre cruiseturistar enn for Måløy sin del. Vi kan derfor ikkje sjå at det er godtgjort at cruiseanløpet måndag 9.juni 2025 i seg sjølv har ei så stor næringsmessig betydning for handelsstanden i Leirvik og kommunen, slik førearbeida stiller krav om.

Vi går ikkje meir inn på denne delen av søknaden, då dispensasjon likevel vert gitt på eit anna grunnlag.

Det er søkt om å få halde ope i tidsrommet kl. 11-15 på søndagen og kl. 09-16 på måndagen. Statsforvaltaren forstår det slik at dette er grunna festivalens start og sluttunkt. . Helligdagsope allereie frå kl. 09.00 på måndagen framstår isolert sett i tidlegaste laget samanlikna med forvaltningspraksis i slike saker. I dette tilfellet vurderer vi likevel at det er grunnlag for å kunne opne for å halde ope i heile det omsøkte tidsrommet.

Det går fram av Ot.prp. nr. 11 (2002-2003) at Statsforvaltaren skal leggje stor vekt på omsynet til arbeidstakarane ved utsalsstadane i vurderinga av ein søknad om dispensasjon frå lov om helligdagar og helligdagsfred.

Det er ikkje kommentert noko særskilt om dette i søknaden eller vist til at dei tilsette er tatt med på råd knytt til søknaden. Statsforvaltaren vurderer likevel at det er grunnlag for å gi dispensasjon, under føresetnad at det er frivillig for dei tilsette om dei vil jobbe eller ikkje desse dagane.

Avslutningsvis gjer vi merksam på at denne dispensasjonen ikkje gjeld for reglane i arbeidsmiljølova. Dersom det er krav om dispensasjon etter dette regelverket, må søknad om slik dispensasjon sendast til Arbeidstilsynet.

Klagerett

¹ Kjelde SSB 2024

² <https://www.cruisetimetables.com/leirvik-norway-cruise-ship-schedule-2025.html>



Vedtaket kan klagast på til Barne- og familiedepartementet innan tre veker frå mottak av dette brevet. Ei eventuell klage skal sendast til Statsforvaltaren i Vestland.

Med helsing

Ove Midtbø
seniorrådgjevar

Heidrun Sørfonden Bye
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ikkje underskrift med penn

Kopi til:

HANDEL OG KONTOR I NORGE REGION VEST
STORD KOMMUNE

Lars Hilles gate 19
Postboks 304

5008 BERGEN
5402 STORD